

Høyringsuttale

Til:

NVE

Konsesjonsavdelinga

Postboks 5091 Majorstua

0301 Oslo

Frå:

Litlabø skule

5415 Stord

Me viser til Erko settefisk sin søknad om å få regulera Storavatnet i forbindelse med anlegget sitt i Grunnavågen på Stord.

Litlabø skule er ein friluftsskule som brukar vatnet ofte til friluftssaktivitetar som kajakkpadling, kanopadling, fisking, garnsetjing, bading, m.m. Dersom vatnet blir tappa med 50 cm, slik som det er søkt om i søknaden, vil det få store konsekvensar for nytteverdien av vatnet for elevane våre. I det området me brukar mest, er det allereie lite vatn, og ei tapping av vatnet på 50 cm., vil gjera dette området av vatnet unyttig for oss. Det vil øydeleggja den faste og flottaste padleruta me har på vatnet.

Underteikna var på informasjonsmøtet på Litlabø der representanten frå Erko settefisk informerte om at dei sannsynlegvis ikkje trengte å tappa vatnet med så mykje som 50 cm, men me kan ikkje halda oss til diffuse munnlege lovnadar, me må på same måte som dykk ta utgangspunkt i det som står i søknaden.

Litlabø skule arbeider kvar dag med å tileigna elevane våre gode haldningar innan friluftsliv, miljø og godt naturvet. Ei tapping av Storavatnet på 50 cm. vil vera stikk i strid med dette haldningsarbeidet, og me vonar difor NVE seier nei til søknaden slik den er i dag.

Venleg helsing

Rune Valvatne Ask, rektor Litlabø skule.